

Sivilombudsmannen

Postboks 3 sentrum

0101 Oslo

KOPI

Dykkar ref.: sak 2010/428
Vår ref.: Bjarte J. Skintveit

Dato. 03.09.10

Brot på konsesjon i verna vassdrag.

Vi viser til tidlegare korrespondanse i sak med referanse 2010/428.

Ombodsmannen har avvist handsaming på grunn av omsynet til tredjepart.

Då det her er snakk om eit brot på konsesjon meiner vi omsynet til tredjepart ikkje må vera eit hinder for å behandle saka.

Det er og eit viktig poeng at NVE og OED ikkje vil reagere på konsesjonsbrotet.

Vi vil difor be ombodsmannen å likevel sjå på saka.

Vi meiner at det her har vorte utført eit inngrep som ligg utanfor vilkåra i gjeven konsesjon. (Løyve til regulering og uttak av vatn frå Rylandsvatnet – gjeve av NVE i 2001) Dette gjev ulemper for ålmenta.

Bilete til høgre viser korleis leidningen ligg i elva.

Vilkåra i konsesjonen seier:

”Leidninga skal gravast ned/sprengjast ned i elveløpet slik at ho ikkje vert synleg”. (tidlegare vedlegg 2b)

Dette kravet kan ikkje misstolkast. NVE, som har kome med kravet, vil likevel ikkje gjera noko med feilen, og heller ikkje OED. (tidlegare vedlegg 6 og 13)

OED, som har avvist vår klage, kan ha fatta beslutningar på bakgrunn av missvisande opplysningar frå NVE.

Dette har ført til misstolkingar, som til dømes kjem fram i brev frå OED 19.01.2010:

- ein nedgraving av vassleidningen vil vere ”lite forenlig med hensynet til å redusere frekvensen av høge flaumvasstander.” (tidlegare vedlegg 9)

Dette er ikkje riktig oppfatning av situasjonen då ei nedgraving av vassleidningen ville tvert om gje ein betre vassføring og vere positiv for flaumsituasjonen.



Det er heller ikkje riktig det OED hevdar at:

”(....) allmenhetens interesser best ivaretas ved de tiltak som er gjennomført utan at det foretas ytterligere inngrep”, (tidlegare vedlegg 9) og å påstå at røret ligg under vasspegelen i tilstrekkeleg grad er forkasteleg når det ligg føre dokumentasjon (tidlegare vedlegg 2b og 3) og arbeidsteikningar (tidlegare vedlegg 4a-e) som krev at røret ikkje skal vere synleg.

I sitt innleiande brev i august 2008 konkluderte OED med at arbeidet ikkje er utført etter vilkåra i konsesjonen. (tidlegare vedlegg 8) OED presiserte her at løyvet set ei ramme for tiltaket, og at tiltakshavar må fremje ein planendringssøknad dersom dei ønskjer å gjennomføre tiltaket i strid med løyve. Dette var i tråd med konsesjonen og ein fornuftig oppfatning. Dette tek dei ikkje omsyn til i si avgjerd i 2010.

NVE sine påstandar om godkjende detaljplanar kan lett gje inntrykk av at alle formalitetar er i orden. I NVE sitt brev til ombodsmannen 20.07.10 (sak ref.: 2010/1332) ser vi at så ikkje er tilfelle. Makeleg nok let NVE vere å legge ved ”Bakgrunn for løyve”, der detaljane til vilkåra står oppført. Legging av ny inntaksleidning er her spesifisert som eit av tiltaka som krevde godkjende detaljplanar. (tidlegare vedlegg 2b) NVE har likevel oversett denne detaljplanen og det er tvilsamt om den i det heile er send inn. Denne detaljplanen ville vore eit viktig verktøy for å utføra arbeidet riktig.

Saka er såpass godt belyst og dokumentert i våre tidligare brev at det vil vere unødvendig å legge fram heile saka på nytt her.

På bakgrunn av at dette ber vi Sivilombodsmannen om å handsame saka.

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag



Bjarte J. Skintveit
Leiar

Dei fleste dokument som er omtala i dette brevet låg som vedlegg med brev 05.04.10. Skulle ombodsmannen mangle vedlegg så kan vi ettersende dei.

Fra: "Postmottak Sivilombudsmannen" <postmottak@sivilombudsmannen.no>
Til: "Bjarte Skintveit" <b-bass@online.no>
Cc:
Emne: SV: sak 2010/428
Dato: Fri, 03 Sep 2010 11:19:28 +0200

Hei!

Vi bekrefter mottak av brev.

Mvh Arkivet

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bjarte Skintveit [<mailto:b-bass@online.no>]
Sendt: 3. september 2010 11:18
Til: Postmottak Sivilombudsmannen
Emne: sak 2010/428

Legg ved brev her. Ber om bekrefting på mottak.
Har hatt kontakt med Leif Johannessen på tlf.

Bjarte J Skintveit
leiar Midtre Holsnøy Grunneigarlag